

Saksbehandlar: Birgit Tansøy, nærings- og Kulturavd.
 Sak nr.: 18/5612-7

Førde - detaljregulering sandtak Vie

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet går til motsegn mot arealføremålet i nordaustleg del av planområdet som ikkje er i samsvar med gjeldande kommuneplan for Førde kommune. Grusterrassen på Vie er eit markant landskapstrekk i området, med fleire automatisk freda kulturminne. Eit av dei største gravfelte på Nordvestlandet inngår i dette landskapet.
2. Fylkesutvalet rår sterkt i frå arealdisponering til grustak i areal som er merka omsynssone H510-kjerneområde landbruk i søraustleg del av planområdet. Utviding av massetaket i denne retning fører til innskrenking av landskapet som gravfeltet (id 64082) er ein del av.
3. Som forhandlingsleiar frå fylkeskommunen vert vald.....

Vedlegg:

1. Førde kommune – kunngjering om høyring og offentleg ettersyn – detaljregulering sandtak Vie med vedlegga:
 - A Framlegg til høyring og offentleg ettersyn
 - B Detaljregulering Sandtak Vie – framlegg for høyring og offentleg ettersyn
 - C Endring av plandokument
 - D Planomtale med ROS og føresegner
 - E Flyfoto
 - F Multiconsult – stabil avslutning av masseuttak
 - G Rapport frå kulturhistorisk registrering 03.01.12
 - H Detaljregulering i 3D-bileter
 - I Planprogram rev 08.10.09
2. Rapport etter arkeologisk registrering 2009
3. Kart som illustrerer plansituasjonen

Andre relevante dokument i saka:

- Kommuneplanen for Førde kommune sin arealdel 2015-2027
- Brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 11.12.2009
- Møtereferat frå dialogmøter den 23.02.2010, 17.11.2010, 04.01.2011 og 12.01.2011.
- Innspel til Planforum den 18.04.2018 om Vie Sandtak, datert 09.05.2018.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Førde kommune har lagt detaljregulering for Sandtak Vie ut på offentleg ettersyn.

I den føreslegne arealdisponeringa i den nordlege delen av planen kjem kulturminnelokalitetane id 132177 og id 151808 i direkte konflikt med arealføremålet i planen, medan 132169 ligg i arealføremål grøntareal med omsynssone bandlagt og bevaring.

I kommuneplanens arealdel 2015-27, er delar av planområdet avsett til næringsareal, medan det nordlege området, der dei automatisk freda kulturminna ligg, er avsett til LNF-område og vist som bevaringsområde. Den framlagde planen er såleis ikkje i samsvar med overordna kommuneplan.

Kulturminna på Vie og landskapet dei er ein del av, har nasjonal verdi og fylkesrådmannen ynskjer å sikre desse verdiane for framtida.

Ei utviding av massetaket slik det er lagt opp til i planforslaget, vil føre til store irreversible inngrep i landskapet. Både sammenhengen mellom kulturminna og opplevinga av landskapet vil verte øyde-lagt for all framtid. Fylkesrådmannen meiner at grensa for uttak av sand i dette området er nådd og at det no er viktig å sikre det som er att av opphavleg landskap og å bevare dei kulturminna som ligg att.

2. Bakgrunn for saka

Førde kommune har lagt detaljregulering for sandtak Vie ut på offentlig ettersyn. Planmaterialet inneheld planprogram datert 08.2009, framlegg til reguleringsføresegner, plankart, planomtale, ROS-analyse og utgreingar gjort om kulturminne og ei stabil avslutning av massetaket.

Planomtalen inneheld bilete, kart og illustrasjonar som viser området slik det ser ut i dag og korleis det vil bli sjåande ut med dei planlagde tiltaka.

Føremålet med planen er å legge til rette for masseuttak og arrondering med tanke på bustadbygging som etterbruk. Det kjem fram i saka at tiltaket i nord vil krevje ny reguleringsplan når sandmassen er teken ut.

Planområdet har eit samla areal på 181 dekar (daa). I den sørlege delen av planområdet er det massetak i dag. Den nordlege og austlege delen av arealet består av jordbruksareal. Eit areal midt planområdet mot vest, er i dag sett av til kommunalteknisk anlegg, og er vidareført i den føreslegne planen.

Det er lagt opp til å ta ut 1,5 mill. m³ masse i planforslaget. Vieterrassen/jordbruksarealet i nord ligg på kote 60. Det er planlagt å ta ut masse ned til kote 15, med skrånande hellande kant mot aust. Elva Jølstra ligg på kote 12. Vegtilkomst til sandtaket er planlagt frå nord med eksisterande privat veg og Vievegen.

I den føreslegne arealdisponeringa i den nordlege delen av planen kjem kulturminnelokalitetane id 132177 og id 151808 i direkte konflikt med arealføremålet i planen, medan id 132169 ligg i arealføremål grøntareal med omsynssone bandlagt og bevaring.


Planstatus i gjeldande kommuneplan - arealdel

I kommuneplanens arealdel 2015-27 er delar av planområdet avsett til næringsareal, medan det nordlege området, der dei automatisk freda kulturminna ligg, er avsett til LNF-område. Vidare er det i gjeldande kommuneplan lagt omsynssone bevaring rundt dei automatisk kulturminneområda (H570) og bandleggingsområde (H730) på dei automatisk freda kulturminna.

I overordna plan har landskapet i den søraustlege delen av næringsarealet fått omsynssone H510 som er kjerneområde landbruk. I føresegnene står det at det ikkje er tillate *med tiltak eller fysiske inngrep som kan medføre øydelegging eller nedbygging, eller som på annan måte kan redusere bruksverdien av området vesentleg i høve aktiviteten det er lagt til rette for.*

I føresegnene og retningslinjene til arealdelen om råstoffutvinning står det i punkt 5.1.7.2: *Ved regulering til råstoffutvinning skal det m.a. takast omsyn til landskapsbilde, natur- og friluftsinnteresser, kulturminne, kulturlandskap og nærmiljø, jf. PBL § 11-9, nr 6.*

I omsynssonene til 570_4 står det særskilt i føresegnene til kommuneplanen at: *Innanfor omsynssone H570_4 Løland ligg det automatisk freda kulturminne (id 13277, 151808, 64082, 180144 og 132169) i form av gravfelt og busetnadsspor frå jernalder. Det er ikkje lov til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, endre, dekke til, skjule eller på anna måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje. Vegetasjonen skal haldast nede slik at området er ope. Plogdjupna må ikkje vere meir enn 30 cm.*



Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel 2015-27 (frå 2018 Norkart AS/Geovekst og kommunene/ NASA)

Førde kommune er i gang med å utarbeide ein eigen plan for kulturminne. I føresegnene til kommuneplanen om omsynssone H570 i pkt. 2 står det: *Oppstillinga under skal reviderast og supplert når kulturminneplan for Førde kommune er vedteken.*

Administrativ tilråding frå Førde kommune i saka

I saksutgreiinga til kommunen om reguleringsplan for Sandtaket Vie peikar rådmannen på at Førde har fleire masseuttak med tilgjengelege ressursar som kan levere i mange år fram i tid. Vidare peikar rådmannen på utfordringane knytt til kulturminna som ikkje er tatt til følge i planforslaget og han rår i frå å legge planen ut på offentlig høyring.

Administrativ dialog og tilbakemelding

Det har vore fleire dialogmøte og tilbakemeldingar frå oppstartsvarselet i 2007 og framover mellom tiltakshavarar/oppdragsgjevar, kommune og fylkeskommune.

Fylkeskommunen varsla krav om § 9 kulturminneundersøkingar i samband med oppstartsvarselet i 2007. I tillegg bad vi om at areala vart konsekvensutgreidde med bakgrunn i dei store areala og nærleiken til gravfeltet og potensialet for fleire kulturminne i området. Tiltakshavar kom då med eit nytt forslag og ynskte å få gjennomført ein mykje mindre reguleringsplanprosess for å fastsette yttergrensene for det allereie eksisterande sandtaket i området. Plangrensa vart derfor justert til å berre gjelde ei utviding av eit areal mot aust. På bakgrunn av dette trakk fylkeskommunen kravet om KU-utgreiing. Fylkeskommunen gjennomførte ei arkeologisk registrering mot den austlege delen, og fann då ei kokegrop som vart frigjeve gjennom forenkla dispensasjon.

Då næringsarealet i samband med denne utvidinga låg inne i gjeldande kommuneplan, vurderte fylkeskommunen at det ikkje var grunnlag for å gå imot dette planframlegget. Planen vart lagt ut på offentlig høyring i 2008, men ikkje vedteken i kommunen. I 2009 kom i staden varsel om oppstart av planprogram for heile området, likt det arealet som vart lagt ut første gong i 2007.

Fylkeskommunen gjennomførte § 9 undersøkingar i 2009. Undersøkingane viste tre nye område med automatisk freda kulturminne frå perioden bronse- til mellomalder. Mellom anna vart det gjort funn

av rester etter fleire hus med eldstader, kokegroper og dyrkingsspor (id 132177,151808 og 132169) frå bronsealder til mellomalder.

Fylkeskommunen si tilbakemelding etter § 9 undersøkingane var at vi ynskte vern av dei automatisk freda kulturminna og landskapet dei ligg i. Fylkeskommunen skreiv: «*Dei nye påviste funna inngår i eit kulturlandskap med stor tidsdjupne, og som ein ikkje-fornybar ressurs er dette eit kulturlandskap som bør takast vare på for ettertida. Ytterlegare masseuttak i den nordlege terrassen, sjølv med redusert omfang i høve til avgrensing ved planoppstart, vil ha svært uheldige landskapsmessige verknader, både i form av eventuell fjerning av automatisk freda kulturminne, og i form av irreversible endringar av det markante terrasselandskapet der kulturminna er lokalisert. Dette vil òg forringe opplevinga av gravfeltet like utanfor planområdet, og området som heilskap.*» (brev av 11.12.2009).

I etterkant av dette har det vore fleire dialogmøte og synfaringar for å prøve å finne løysingar. I prosessen har fylkeskommunen òg vore i dialog med Riksantikvaren, m.a. var fylkeskommunen med på ei felles synfaring med Riksantikvaren i desember 2010.

I oktober 2011 gjennomførte fylkeskommunen ei kontrollundersøking av lokalitet id 132169 fordi det var knytt usikkerheit kring avgrensinga av kulturminnet. I samband med undersøkinga dukka det opp fleire automatisk freda kulturminne. Konklusjonen etter undersøkinga var difor at avgrensinga av lokaliteten id 132169 vert ståande.

I samband med rullering av arealdelen til kommuneplanen for Førde kommune hadde fylkeskommunen fleire dialogmøte og Planforum med Førde kommune fram mot vedtaket av planen i 2015. Fylkeskommunen var heile tida tydelege på kravet om eit sterkt vern av landskapet kring dei automatisk freda kulturminna på Vie og Løland.

I 2018 gjorde Førde kommune ein mindre revisjon av enkelte område i kommuneplanens arealdel. Arealdisponeringa og omsynssonene kring kulturminna på Vie vart verande som før.

Skildring av dei automatisk freda kulturminna i og like utanfor planområdet

Gravfeltet på Vie (id 64082), som er eitt av dei tre største gravfelte frå Nordvestlandet, ligg ca. 52 m aust for det føreslegne planområdet. Gravfeltet er datert til 500 f. Kr.-400 e- Kr/eldre jernalder.

I følgje arkeologen Per Fett har det lege om lag 60 gravrøyser frå eldre jernalder på Løland. Fleire av røysene er fjerna som følgje av jordbruksarbeid, og 12 av dei er grave ut arkeologisk av Universitetsmuseet i Bergen. I dag ligg det att 16 bevarte gravrøyser. Gravrøysene er låge. Dei døde vart kremert før nevestore steinar vart lagt over oska i ein liten haug. Dei døde fekk med seg få eller ingen gjenstandar i grava.

Garden Vie strekkjer seg frå Bergavatnet i søraust til elva Anga i nord. Garden er solrik med lett-dyrka jord. Før den store utskiftinga var det i alt 45 hus på Vie. I mellomalderen sto det ei lita stavkyrkje/kapell på kyrkjebakkereina, om lag 100 m nord for tiltaksområdet. Like ved der mellomalderkyrkja har stått, er det påvist ein hall frå vikingtid.

I jernalder vart gravene som regel lagt i nærleiken av tunet eller på innmark. På Vie er det òg slik. Dei tre kulturminnelokalitetane som kom fram i samband med registreringane til fylkeskommunen i 2009 på Løland viste funn i marka etter gardstun i form av restar etter hus, eldstader, kokegroper og graver. Såleis viser funna på terrassen (id 132177,151808 og 132169) på ein autentisk måte samanhengen mellom gravfelt, stader for rituelle seremoniar, og for busetnad.

Mange i Førde har ikkje vore klar over den unike historia som er knytt til denne plassen. Området er eit mykje brukt turområde for innbyggjarane i Førde, derfor har det vore viktig å få på plass formidling av kulturminna på Vie/Løland. Gravfeltet vart skilta i 2015 gjennom eit samarbeidsprosjekt (BARK) mellom grunneigar, kommune, Riksantikvaren og fylkeskommunen.

3. Vurderingar og konsekvensar

Sogn og Fjordane fylkeskommune har forvaltingsansvar for automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen skal sjå til at dei automatisk freda kulturminna blir forvalta på ein god måte og at landskapet kulturminna er ein del av, blir ivareteke på ein god måte.

Terrangformasjonane på grusterrassen på Vie er markante landskapstrekk i området. På terrassen ligg eit tidlegare registrert gravfelt frå jernalder som er eit av dei største på Nordvest-landet frå dette tidsrommet.

Til saman utgjer alle dei automatisk freda kulturminna på Vieterrassen i form av graver og busetnad- og aktivitetsspor, eit verdifult kulturmiljø både knytt til kvardagsliv og religiøse seremoniar i

jernalderen. Med undersøkingane fylkeskommunen har gjort innanfor planområdet dei siste åra, har vi fått eit mykje større kunnskapsgrunnlag om samanhengen mellom kvardagslivet og gardslivet på den eine sida, og det seremonielle og rituelle med gravene på den andre sida.

Med rullering av arealdelen til kommuneplanen for Førde 2015-2027 vart landskapet som kulturminna er ein del av på Vie, sikra eit godt vern med omsynssoner, føresegner og retningslinjer både i nordleg og austleg del av planen. Fylkesrådmannen ynskjer vidareføre dette. Planframlegget som no er lagt fram, følgjer ikkje opp dei overordna føringane.

Ei utviding av massetaket slik det er lagt opp til i planforslaget, vil føre til store irreversible inngrep i landskapet. Både samanhengen mellom kulturminna og opplevinga av landskapet dei er ein del av, vil verte øydelagt for all framtid. Fylkesrådmannen meiner at grensa for uttak av sand i dette området på Vie er nådd. No er det viktig å sikre det som er att av opphavleg landskap og å bevare dei kulturminna som ligg att.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen viser til vurderingane over, der det går fram at masseuttak i nordaustleg del av planområdet ikkje er i samsvar med vern av automatisk freda kulturminne og landskapet dei er ein del av. Fylkesrådmannen meiner overordna arealbruk, som vist i kommuneplanen, må gjerast gjeldande og vidareførast i detaljreguleringsplan for sandtak Vie.

Ut frå dette rår fylkesrådmannen fylkesutvalet til å reise motsegn mot planframlegget.